Statens vegvesen

Arkitekt Knut Willie Jacobsen
Lurevegen 304
5912 SEIM

| Behandlande eining: | Sakshandsamar/telefon: | Vår referanse: | Dykkar referanse: | Vår dato: |
|---|---|---|---|---|
| Region vest | Tone Bøyum / 55516792 | 18/25527-2 | | 15.02.2018 |

# Svar - Nabovarsel - gnr. 48 bnr. 11 - Manger - Endring av reguleringsformål - Radøy kommune

Vi syner til nabovarsel mottatt 06.02.2018. Varselet gjeld reguleringsendring frå «næring» til kombinert føremål «bustad og næring».

Varselet vi har mottatt er svært sparsamt, og det går ikkje tydeleg fram om det skal søkjast dispensasjon eller endring av reguleringsplan. Det er heller ikkje opplyst om omfanget av utbygginga, om industriområdet er eigna til nytt føremål (bustad), tilhøve til transportnettet, trygg skuleveg eller tilhøvet til godkjente planar for området.

Vi minner difor om at dersom søknaden gjeld endra/utvida bruk av avkøyrsle, byggjegrense langs fylkesveg eller andre forhold som vedkjem vegvesenets fagområde, skal Statens vegvesen som vegmynde ha saka tilsendt for uttale etter plan- og bygningslova, eventuelt for saksbehandling etter veglova.

Med bakgrunn i tiltaket sin karakter vil vi rå til at søknaden vert avklara gjennom ein planprosess.

Plan og forvaltningsseksjon Bergen
Med helsing

Kari Elster Moen
senioringeniør

Tone Bøyum
senioringeniør

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.*

Kopi
Radøy kommune, Radøyvegen 1690, 5936 MANGER